



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 2 • MAI 2022
83. ÅRGANG

Andakt av
**Maren Flotve
Tischendorf**
Side 3

**Gjenbruk er
populært**
Side 9

**Broderande
Belsnes**
Side 10-11



FRAMSIDA

Bilete på framsida viser Idun og Reidar Steine i tandemparaglider. Les meir i Dette brenn eg for på side 15.

UTANBYGDS ABONNENTAR

Har du nokon i familien som vil ver- ta glad for å få Kyrkjeblad for Kvam tilsendt? Send namn og adresse til post.kvam@kyrkja.no, merk emnefeltet med Ny abonnent, evt bruk tlf eller brev.



ONSDAG 18 – BØN

Kvar onsdag er det bønnesamling i regi av Vikøy sokneråd i Norheimsund kyrkje kl 18.00. Velkomen!

RETTING

Audun Aase, som skreiv andakten i sist nummer, bur i Vikøy og ikkje på Aksnes, som med ved ein feil gav han som heimstad. Redaksjonen orsakar!

LEIAR

Kyrkje her og kyrkje der

Lars Arne Vik

Redaktør



Når ein er i fleirtal, er det nærliggjande å ta for store ord i sin munn. Er ein medlem av Den norske kyrkja i Kvam, er det lett å seia at ein er medlem av kyrkja i Kvam.

Dette stemmer jo: Er ein medlem av Den norske kyrkja i Kvam er ein medlem av kyrkja, forstått som medlem i eitt av dei kristne kyrkjesamfunna som til saman er den verdsvide kristne kyrkja.

I Kvam er det kristne fellesskap i ulike hus og heimar. Kyrkjesamfunnet DELK, Det evangelisk lutherske kirkesamfunn, arrangerer gudstenester i Tøvikbygd bedehus, Den katolske kyrkja leiger Norheimsund kyrkje, pinsekyrkja SALT i Bergen har møte på Kvam

ungdomsskule, for å nemna nokre kyrkjesamfunn. Indremisjonen har møte på ulike bedehus.

For alle som trur på Jesus Kristus tilhører den verdsvide kyrkja. Og så er nokon medlem av Den norske kyrkja i Kvam og nokon medlem av andre kyrkjesamfunn.

Sjølv om mange forstår kva ein snakkar om, når ein snakkar om kyrkja, skader det ikkje å vera noko meir presise. For «mi kyrkje» er ikkje nødvendigvis «di kyrkje».

Vil du melda deg inn i Den norske kyrkja i Kvam, kan du kontakta kyrkje- kontoret eller leita det opp på nettet.

Hugs nettsidene våre:

www.kyrkja.no/kvam



Den norske kyrkja i Kvam



Utgjevar:

Vikøy, Øystese og Ålvik sokneråd

Ansvarleg redaktør:


Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no

Grafisk produksjon:

Norheimsund Trykkeri AS

Trykk:

Kai Hansen Trykkeri



Kontingent:

Friviljug / kr. 350,-

Annonser:

Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:

3530 07 06922 for kontingentar og gaver

Opplag:

4100 pr. nummer. Fire nummer i året.

Tips til stoff:

Send til post.kvam@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

Telefon:

414 00 035 / 474 83 120

E-post:

post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse:

Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje, Kyrkjev. 40, Norheimsund

Postadresse:

Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

Informasjon om våre tenester, kontakt- informasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:

www.kyrkja.no/Kvam



Den norske kyrkja i Kvam



@kyrkjerikvam

Gåver kan du også gje ved bruk av appen Vipps, søk opp det einsskilde sokneråd.

Kyrkjevevja i Kvam:

Sigrud Karoline Eriksen-Tufteland, se934@kyrkja.no, tlf. 414 00 035

Soknepresten i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme, rs466@kyrkja.no, tlf. 970 37 737

Soknepresten i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik, lv767@kyrkja.no, tlf. 477 56 440

Kvam kyrkjelege fellesråd:

Lisbeth Henriksen, lissihen69@gmail.com

Rådsleiarar

Strandebarm sokn:

Kåre Milje, kaa-milj@online.no

Vikøy sokn:

Ingvill Sørheim, ingvill.sorheim@framnes.vgs.no

Øystese sokn:

Oddvar Ulltang, oddvar@ulltang.net

Ålvik sokn:

Ragnhild Irene Nordheim, ragnhild.nordheim@gmail.com

Organisasjonsnummer

Kvam kyrkjelege fellesråd:

976 995 082

Gled dere!

**Maren Flotve
Tischendorf (40)**



er sokneprest i Årstad kirke, Bergen, datter av Turid og Eivind Flotve og barnebarn av Karen og Kåre Flotve

Gled dere! Dette er flotte ord å ta med seg inn mot sommeren. Det er en spesiell tid. Verdens mørke og ondskap har vært tydelig og nær gjennom nyhetsbildet og stadige oppdateringer. Men også verdens godhet og lys har fått vise seg frem og kjemper for å vinne plassen.

I situasjoner som oppstår kan Bibelen ord noen ganger virke provoserende enkle. «Gled dere alltid i Herren!» Det er ingen enkel sak når man står i situasjoner der sorg, smerte og frykt overmann oss. Men ordene kommer ikke til oss som tvang eller formaning. Men som håp og gode ønsker.

Midt i verdens mørke er vår tro at lyset har vunnet. På påskedag stod Jesus opp og døden tapte. I håpet om lysets evige seier er ordene om å glede seg i Herren ord om håp, ord til trøst og ord for nettopp mørke dager. For lyset vil komme, lyset vil seire.

På kirkegården ved Ålvik kirke ligger mine besteforeldre gravlagt. Akkurat denne kirkegården er helt spesiell der den ligger skrånende nedenfor kirken, med utsikt over fjord og fjell, og nå om våren med spirende blomster og grønne blader. Ved graven blir jeg alltid minnet om livets seier, lysets seier og Guds stadige nyskapelse. I tiden vi er i nå trenger vi den påminnelsen og dette håpet. Etter mørket, til og med midt i mørket, kommer lyset og det har allerede vunnet.

På Ålvik kyrkjegard til besteforeldra til Maren Flotve Tioschendorf gravlagde. (Foto: Sylvi Elvatun).

*Gled dere alltid i Herren!
Igjen vil jeg si: Gled dere! La alle mennesker få merke at dere er vennlige. Herren er nær! Vær ikke bekymret for noe! Men legg alt dere har på hjertet, fram for Gud. Be og kall på ham med takk! Og Guds fred, som overgår all forstand, skal bevare deres hjerter og tanker i Kristus Jesus. Fil 4, 4-7*

Edvard Hoem sier det vakkert i sin salme «No stig vår song». NoS 854, vers 3:

«Nå stig vår song, vår takk til Gud, for han som er vår fred. Når Kristus sprenger dødens rom, fell siste stengsel ned. Da stig vår song vår takk til Gud, for spor på strand, for bølgers slag: Kom natt, kom søvn, kom morgongry, Kom evig sommars lyse dag.»

Gled dere alltid i Herren! Igjen vil jeg si: Gled dere!
God vår og god sommer!



VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser på telefon og internett, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Les mer og meld din interesse på kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.



Trus- opplæring i Kvam

Dette skjer resten av våren:

Krølletreff for treåringane:

- Norheimsund kyrkje: tirsdag 24. mai kl 17-19
- Øystese kyrkje: sjå heimesida

Skulestart-bok for seksåringane:

Førsamling ein ettermiddag i veka før bok-utdelinga
Gudstenester med bokutdeling:

- Øystese kyrkje: søndag 12. juni kl 11.00
- Strandebarm kyrkje: søndag 19. juni kl 11.00
- Norheimsund kyrkje: søndag 19. juni kl 16.30
- Ålvik kyrkje: sjå heimesida

Oppdatering på kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no/kvam

KONFIRMANT 2021/2022

I år har det vore to nye ting på programmet for årets konfirmantar: "Valfri aktivitet" og "KRIK-konfirmantleir".

"Valfri aktivitet" har erstatta ordinær undervisning 2-3 gongar i halvåret. Då har konfirmantane delteke på ulike arrangement som er meir eller mindre faste i kvardagen. Dei har fått velge mellom "KOR", "KRIK-Trening", "Origo" og "Fotball/futsal", i tillegg til ein filmkveld og ein gamingkveld!



«GAMING OG BIBEL»-KVELD i Øystese bedehus. Hvem kan slå konfirmantlæreren Eivind Daniel? (Foto: Mampion A.)



KOR: Vi har også fleire konfirmantar som syng og spelar godt og deltek fast i koret! Rett før jul slapp dei ut ei album på spotify! Sjekk ut kor flinke dei er:

<https://open.spotify.com/album/3y-egJ8cN1ko5TEDhJt9OW5?si=Tpaos7xcT3iGldVf9tWRgQ>



FOTBALL/FUTSAL: Det er mange ivrige og talentfulle konfirmanter som har stor glede i ballaktivitet, noko som gleder fotballhjarter til konfirmantlærer Eivind Daniel. På fotballaktivitetane har vi for det meste spelt fotball og hatt det moro, i tillegg til eit ord for dagen av Eivind Daniel. (Foto: Eivind Daniel B. R.)

KRIK og ORIGO: KRIK står for “Kristen idrettskontakt” - det er eit fast innslag i kvardagen på Framnes torsdag kveld. På Framnes la dei til rette for å invitere og inkludere konfirmantane eit par gongar og det vart det mest populære valfrie aktiviteten i vår! Her var det ”full fres” med leik og moro, spel og konkurrering i Framnes Arena, i tillegg til eit ”ord for kvelden” av elevar på Framnes.

Det har sett ut som konfirmantane har kost seg på desse aktivitetane og det er derfor noko vi ynskjer å halde fram med for neste års konfirmantar!

Origo har vore eit populært val for konfirmantane! Origo er ein undomsklubb med det sosiale i sentrum! Nesten kvar fredag full rulle med ei mengd av varierte aktivitetar i bedehusa til Norheimsund og Øystese: Alt frå ringleikar og brettspel til bordtennisturnering og ”grip mikrofonen”!

Årets konfirmantleir



KRIK-leir (konfirmantleir) på Framnes var også nytt og spennande. Ikkje alle visste heilt kva dei kunne vente av eit slikt arrangement, men dette vart ein suksess! Med over 230 konfirmantar frå Vestland og med over 130 frivillige unge vaksne leidarar frå KRIK vart dette 5 dagar med mykje aktivitet, flotte møter, lite søvn og mykje sosialt! Dette vart ein god arena for å bli endå betre kjend med konfirmantane og noko vi som konfirmantlærarar sette stor pris på! Vi kunne konkludere med at ”det var verdt det” til tross for hektiske og søvnlause dagar! Takk til foreldre og andre frivillige som stilte opp her!

Vi hadde også vår egen samling med bare konfirmantene fra Kvam (ca.60 ungdommer). Ulike stasjoner med bl.a mulighet til å legge ved korset det som ligger på hjertet ... mange som ba for fred og situasjonen i Ukraina....



... i gruppe



..... eller alene



En god mulighet til å bli bedre kjent mellom konfirmanten i Kvam.



KYRKJEKINO

I år har vi hatt kyrkjekino i tre av kirkene i Kvam: i Øystese, Norheimsund og Ålvik kirker. Utrolige kjekke filmkvelder der vi så på filmen «NARNIA – løven, hekse og klesskapet» mens deltakerne fikk servert godteri og popcorn fra soknerådet. Etter filmen vandret deltakerne rundt på forskjellige poster og snakket om det de har sett på filmen sammenlignet med historie som står i Bibelen. (Foto: Mampion A.)



Ikke så verste å samle 3 trinn på en gang ved kyrkjekino i Ålvik, da arrangementet er bare hvert tredje år (deltakere fra 5.- til 7. trinn i Ålvik skule). Godt med hjemmelaget pizza som soknerådet tok ansvar for 😊



Filmkveld rimer med pizza, deltakere i Norheimsund kirke.



Kyrkjekino i Øystese kirke. «Det var så kjekt for vi kjenner hverandre veldig godt», mente deltakerne.



Lystenning på slutten av samlingen i Norheimsund kirke.

Endring i staben:

Nokon kjem og nokon går

I vinter lyste me ut stilling om sakshandsamar og stilling som kyrkjemusikar. Me fekk mange kvalifiserte søkjarar til begge stillingane, seks søkjarar til sakshandsamarstillinga og sju søkjarar til kyrkjemusikarstillinga.

I. juni byrjar Inger Karin Tordal i stillinga som sakshandsamar på kyrkje-kontoret. Inger Karin bur i dag i Sola

kommune i Rogaland, og kjem flyttande tilbake til Kvam for å byrje som sakshandsamar hos oss.

I. august byrjar Ulf Krupka som kantor for den norske kyrkja i Kvam. I dag arbeidar Ulf som kantor i Ski i Viken.

Me ynskjer begge velkomen til Kvam, og gler oss til å bli betre kjende med dei. Samstundes takkar me av to som har

vore tilsett i kyrkja her i mange år.

Anne Kari Sørheim og Margrete Lid Kjosås har gjort ein god innsats på kvart sitt felt. Me kjem til å sakna dykk!

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland kyrkjeverje

Vår på kyrkjekontoret

Sigrid Karoline
Eriksen-Tufteland

Kyrkjeverje



Når du går ein tur i eigen hage, og ser på kva du fant under snøen, av planter frå i fjor, litt pynt frå jula og nokre restar etter haustblomane, gjere me i kyrkja det same.

Me er ute og ser over kva vinteren har gjort på gravplassane våre. Me finn alltid noko, nokre merke etter gravmaskina, ei grav det var snø på når me rydda av blomane, grus på plenen etter ein litt ivrig snøryddar. Det er alltid noko, som me eigentleg ikkje ynskjer skal vere der.

Me ynskjer kvart år at plenen skal vere fin og grøn med ein gong snøen går, men det er han ikkje, ikkje i hagen din og ikkje på kyrkjegarden. Og då er det lett å kjenne på skuffelsen, men med litt stell blir hagen og kyrkjegarden fin i år og. Fram til me

har hatt tid til å stelle kyrkjegarden, og du og alle dei andre som skal fjerne fjorårets blomar og plante nye til påske og vår, må du ha litt tolmod med oss, med naturen og med alle dei andre som ikkje har vore og gjort det like fint som du har gjort det på din gravplass. Tolmod kan det og henda du må ha med standarden på grasklipping og stell av gravplassen, det er ikkje sikkert at me klarar å halde den i like god stand som du ynskjer.

Så litt om ditt ansvar på kyrkjegarden. Du må halde gravsteinen ståande rett, og har du stein rundt bedet så må den og sokkelen på gravsteinen høgst ligge i kant med torva. Dei plantene du har i bedet skal ikkje dekke skrifta på steinen. Når du

er ferdig med å plante, rydde, luke og klippe, ynskjer me at du skal leggja søppel og hageavfall i ein av søppelkonteinarene. Me har eit mål om at det skal vere mogleg å kjeldesortera, det vil seie å kaste biologisk avfall (blomar, ugras og anna) og restavfall kvar for seg. Det er mogleg på dei fleste gravplassane, og kjem snart på resten.

Elles skjer det ting på kyrkjekontoret, to medarbeidarar har starta nedteljinga til pensjonist tilværa, og nye krefter står klare til å overta. Me gler oss med dei som snart skal få nytta dagane til det dei sjølve ynskjer, og til å bli kjende med ein ny kantor og ein ny sakshandsamar. Dette kan du lesa meir om i bladet.

Vårleg helsing frå kyrkjeverja!

Origo ungdomsklubb

Året begynte med en del avlysninger, men desto større var gleden over å endelig komme i gang med Origo. Det har kommet en god gjeng ungdommer hver fredag for å høre Guds Ord, aktiviteter, sosialt og kafé.

Det har vært variert program hver fredag. Vi har hatt filmkveld, ringleker, preik'n paint og tacokveld. Vi er spesielt takknemlig for alle konfirmantene som har vært innom Origo som en del av deres valgfrie aktiviteter.

11.- 13. mars arrangerte Origo LINK ungdomshelg. LINK har som visjon å vinne nye til Jesus, la ungdom vokse i troen og bli utrustet. Denne helgen var rundt 100 ungdommer innom bedehuset. Noen av ungdommene deltok på alt, mens andre var innom på noe. Fredag hadde vi møte og underholdning. Lørdag var det opplegg hele dagen. Vi hadde bibeltime, aktiviteter, middag, seminar, kveldsmøte og lovsangskveld. Søndag avsluttet vi med LINK familiefest. Etter møte hadde vi tivoli for barna med blant annet ansiktsmaling, fiskedam og sukkerspinn. Dette vært svært populært.

En dyktig gjeng fra Kongshaug musikk-gymnas ledet lovsangen gjennom helgen. Taler var Torgeir Nygård som talte ut fra



1. Tim 2,4-6: «Han som vil at alle mennesker skal bli frelst og komme til sannhets erkjennelse. For det er én Gud og én Mellommann mellom Gud og mennesker, Mennesket Kristus Jesus. Han som ga seg selv som en løsepenge for alle, vitnesbyrdet i rette tid».

Bli gjerne med å be for at Origo må være en plass hvor ungdommene i bygden får møte Jesus.

Julie Haaberg
Barne- og ungdomsarbeider i
Norheimsund indremisjon og
Øystese indremisjon



Å gjera ein forskjell i eit barns liv er fantastisk

– Som fosterforeldre må vi sjå det fine i barnet, og klare å sjå bak åtferda og forstå barnet innanfrå. Om vi kan gjera ein forskjell i eit barns liv synes vi det er flott, seier «Anne» som er fostermor i CRUX, og av omsyn til barnet ynskjer å vera anonym.

Tekst og foto: CRUX

CRUX er ein ideell, landsomfattande og diakonal stiftelse, som på oppdrag frå Bufetat og lokal barnevernteneste driv fosterka fosterheimar ulike stader i landet.

– Eg opplever det meningsfullt å vera ei viktig brikke i barnets liv, og kunne bidra med støtte, hjelp og omsorg. Vi kan ikkje hjelpe alle, men viss vi kan bety noko for eitt barn, er det fantastisk. Ikkje minst det å få eit nytt familiemedlem å bli glad i, seier «Anne».

Ho synest også det kan vera krevjande å sjå på at barnet har det vanskeleg.

– At barnet ikkje nødvendigvis tar dei gode vala, kan vera utfordrande. Så er det igjen ei ufatteleg glede når barnet klarer å ta imot omsorg. Det er stort når vi opplever at ting vi arbeider med, sakte, men sikkert gjev framgang, og då få lov til å glede oss med barnet.

Kva er mest utfordrande med å vera fosterka fosterheim?

– Dette er ein jobb du har heile døgret. Du må bruke mykje av tida di med barnet, og det er utfordrande og kan medføre at du kjem i eit dilemma i forhold til dine egne born. Nokre fosterforeldre fortel at det kan vera krevjande å samarbeide med biologiske foreldre, seier ho og understrekar at ein også kan få til eit flott samarbeid. Rettleiing er difor viktig for å få støtte og hjelp i dei utfordringar som måtte kome.

Oppfølging og hjartevarme

Kvar heim får tildelt ein fast fagkonsulent som følgjer dei opp, og koordinerer det

faglege arbeidet rundt barnet/ungdommen. Det kan også vera støtteheimar og miljøterapeutar knytt til familiane slik at kvart barn får eit godt og individuelt tilpassa tilbod.

– For oss er det særst viktig med fast rettleiing, at vi blir sett og høyrde, og at rettleiaren er lett å få tak i. At vi blir møtt med forståing for det vi står i med barnet. For oss betyr det også noko at CRUX er ei diakonal stifting, deira fokus på å sjå heile mennesket, og det kristne verdisynet. Uansett kva vi strevar med, er vi alle elska og unike. I CRUX arbeider vi med hjarte og varme. Vi har rett og slett hjartevarme for barna, seier «Anne»



Gjenbruk er populært

Miljøbutikken Plant Eit Tre (PET) i Øystese har eksistert i over tretten år, og i denne perioden har me registrert ei auka interesse for gjenbruk. Vårt inntrykk er at det no er alment akseptert å handla brukte varer. Me har kundar i alle aldersgrupper og frå alle samfunnslag. For somme er motivasjonen å spara pengar eller å skåna miljøet, andre er samlarar som er ute etter spesielle varer og «godbitar».

Alle medarbeidarane jobbar utan løn, difor er det mogleg å driva med overskot. Når du handlar i vår butikk, er du med på å støtta GRØN DIAKONI, eit opplæringsprogram der enkjer, einslege mødrer, menneske med nedsett funksjonsevne og andre får hjelp til sjølvhjelp og personleg utvikling. Hovudfokuset er på planteskular og treplanting, primært i Afrika.


PET samarbeider med spesialistar innan ulike fagfelt for å sikra at midlane vert brukte på best mogleg vis.

Frø til Ukraina

Siste nytt er at sentralstyret i PET har løyvt kr 10.000 til Ukraina, til innkjøp av frø. Gjennom eit etablert kyrkjeleg nettverk vert dei som framleis er i landet oppmoda til å så matfrø for å koma seg gjennom den forventta matvarekrisa. Kunstgjødsselfabrikken i Ukraina er bomba, og gjødselprisane stig. Difor er det nødvendig å spreia kunnskap om økologisk dyrking.

Vår inspirator er Hans Nielsen Hauge. Han streka sterkt under forvaltaransvaret; dei gaver og evner me har fått skal brukast til å tena både Gud og våre medmenneske. Hauge mana til flid og nøysemd. Me i Plant Eit Tre ynskjer å vidareføra desse verdiarne både lokalt og ved å støtta prosjekt i andre land.

Plant eit tre



Medarbeidar på Plant Eit Tre-butikken i Øystese, Marit Skogly, presenterer fint brukt bunadsutstyr.

Hugs
nettsidene våre:
www.kyrkja.no/kvam

Strikketreff i Ålvik kyrkje

Før korona kom, var det strikketreff i Ålvik kyrkje. No er treffa i gong att. Soknerådet inviterer til strikketreff i sakristiet, målet er å laga nyfødd-plagg til born som treng det. Følg med på kyrkja.no/Kvam og andre stader for datoar til hausten. Foto: Solveig Botnen.



-Det var berre ei glede for meg dette

Oddbjørg Belsnes (87), naturalisert harding frå Sørskogbygda i Elverum, fortel om barndom i Østerdalen og det store broderiarbeidet ho gjorde med fornying av dei kyrkjelege tekstilane i Øystese kyrkje ved tusenårsskiftet. Interesse for handbeid vart lagt allereie i barneåra då ho gjekk i «strikkebesøk» med mor. Oddbjørg fortel i Jubileumsskriftet for Øystese Kyrkje 150 år at ho la ned minst fem hundre timar på dette arbeidet.

Tekst og bilete: Lars Gunnar Lundblad

Oddbjørg voks opp i Sørskogbygda, ei lita jord- og skogbruksgrend 15 km austom Elverum sentrum. Oddbjørg fortel at far hennar fekk, til liks med fem andre tildelt jord for å byggja opp eit småbruk. Det var ein vilja politikk å etla ut jord til folk i dei vanskelege 1920 og -30åra.

Bureisarfamilie: knappheit og krig

Bureisingslivet var hardt, og Oddbjørg opplevde at dei var fattige, men dei greidde seg. Sørskogbygda hadde stabile kalde vintrar, det kunne vera heilt nede i -40 C. Foreldra hadde ikkje råd å kjøpa ski til dei fire jentene. Men faren visste råd: han høvla til treski som han så varma opp og sette spenn i. Dette forsvann fort, og då varma han skia opp att og sette dei i spenn på nytt kvar kveld. Då krigen kom var Oddbjørg 6 år. Ho fortel: Me måtte rømme til ein støl. Der høyrde me bombinga av Elverum. Så kom det hirdmenn på dørene etter motstandsfolk. Det vart påbode med blendingsgardiner. Somme rømde til Sverige, gjerne på ski, det var ikkje so langt til grensa. Dette var skremmande, minnest Oddbjørg.



Nyrydningsbruket, barndomsheimen i Sørskogbygda, der Oddbjørg vaks opp med tre søstre.



Oddbjørg Belsnes i Øystese kyrkje som ho har brodert kyrkjetekstilar til.

Presisjonsarbeid med fargerike liturgiske klede

Før Oddbjørg fortel meir om heimstaden og møte med Sverre som skulle verta ektemaken hennar, pensar me samtalen inn på liturgiske klede i Øystese kyrkje:


I heftet «Øystese kyrkje 150 år» heiter det: «I perioden 1998-2001 tok dåverande soknerådsleiar, Karen Gulbrandsen, initiativet til eit storstila arbeid med fornying av dei kyrkjelege tekstilane». Det var mange hender i arbeid med desse tekstilane før det kom til broderinga som Oddbjørg utførte åleine. Ho broderte alle kleda med unntak av eitt. Stoffet var vove i Øystese og det vart overføring av mønster og symbol til stoff. Dette var eit stort dugnadsarbeid utført av øystesekvinner – og ein mann. Den kunstnariske utforminga var ved Audun Storås.

Oddbjørg var i 60åra då ho utførte dette arbeidet. Men kvifor nett henne?

Det var ikkje mange andre som var mota på dette arbeidet, og så hadde Oddbjørg kvalifikasjonar etter å drive med ymse handarbeid sidan ho var lita, mest på frivillig basis men også som tilsett ved Rybo.



Broderia på altarklede frå fastetida på fiolett botn, fargen i fastetida, med aksa som gjev føde og druene som gjev drikke.



Dette var eit av dei vanskelege arbeida, seier Oddbjørg.

Oddbjørg fortel:

Alt frå fem års alder kunne ho strikka og litt seinare også sy. Mora ville ha henne med på vitjing til ei nabokone, (slike «stikkinnom» var mykje vanlegare før, også her i bygdene) og då skal Oddbjørg ha sagt: «Ja, eg vert med om eg får strikka». Og der sat ho saman med husmødrer i Sørskogbygda medan pinnane gjekk. - I heimen til Oddbjørg i Gartveitvegen er det mykje som fortel om hennar store kreativitet innan dei fleste sjangrar av husflid: hekking, strikking, syarbeid, porselensmåling, lappeteknikk og steinarbeid. Mykje har ho og gjeve bort, ikkje minst til den årlege basaren i misjonsforeininga si.

Me spør sokneprest Lars Arne Vik om å få vitja kyrkja saman med Oddbjørg for å sjå på arbeida hennar. - Der får me ei flott stund der presten fortel om dei kristne symbola i dei liturgiske kleda og viser bruken av dei. Oddbjørg minnest dette og hint broderingsarbeidet og gler seg over å sjå att heile samlinga av liturgiske klede. Då me etter ein times tid har gått gjennom alt, seier Oddbjørg med ein stor smil: «**Det var berre ei glede for meg å gjera dette**». Altså brodera i fem hundre timar!

Elverum: Butikkarbeid og kjærast

Østerdalsdialekta til Oddbjørg er vel kanskje noko utvatna, men ho held på «je» og «itte». Oddbjørg har teke til å slita litt med hugset, men somme ting står klart for henne. Ho fortel om då Kong Håkon med fylgje kom attende til Elverum etter krigen og takka folket der for det dei hadde gjort for han under dei dramatiske dagane i 1940. Denne kongevitjinga gjorde eit sterkt inntrykk på ungjenta, som ho understrekar med visst trykk: «Da va je der». Etter framhaldsskule fekk Oddbjørg seg butikkjobb i Leiret, som sentrum i Elverum heiter. I nabobutikken fekk ho tak i stoff til sying og brodering. Dette arbeidet har ho enno i stova si. Medan ho arbeidde på Elverum trefte ho han som



Det kvite alterteppe vert brukt til fest, i påsketida og ved vigslе. Det sigrande lammet er eit bibelsk motiv.

skulle verta mannen hennar, Sverre Belsnes frå Jondal. Han var lærarskulestudent og baud henne opp til dans. Det var jammen modig gjort fordi han kunne ikkje dansa, seier ho med ein smil. Dei flytta til Jondal i 1958 og seinare på hytta dei bygde, for det meste med egne hender, i Krossdalen. Ho gøymer ikkje den fyrste gongen ho kom til Jondal då heile slekta hans kom for å sjå «kjærasten til han Sverre,» som kom så langvegs frå. Dei hadde eit nært forhold til den kristne forsamlinga og dyrka friluftslivet saman.

Jondal – Ålvik - Øystese

Oddbjørg mimrar litt: Det vart mange molteturar i jondalsfjella og flotte skiturar på Fonna. Oddbjørg innrømmer at ho måtte utvikla skiteknikken etter dei flytte vestover. I Sørskogbygda var det stort sett flatt terreng, ikkje stupbratte lier som i Krossdalen. Den brattaste `bakken` fram til ho vart vestlending, var låvebrua heime på småbruket.

Familien på fem budde mange år i Ålvik. Her lika dei seg godt, Sverre som skulemann og organist og Oddbjørg som husmor med tre born. Etter kvart flytte dei til Øystese og bygde seg hus på Torpe. Ho saknar Sverre som døydde i desember



Oddbjørg og Sverre på skitur i lett snøfall i jondalsfjella.

2012. Me hadde eit godt samliv, seier ho til slutt.


Kyrkjebladet takkar for at Oddbjørg ville fortelja litt om livssoga si og ikkje minst vera med i kyrkja og visa oss det store arbeidet ho har vore med å gjera for kyrkja i Øystese.

Benedikte Vaag

Det er ei særst vakker og inspirerende bok illustrert med flotte, profesjonelle fotografi teke av Katrine Helgheim van Tulder som driv FjordMoods Photography i Steinstø. Boka *Bærekraftig luksus* tek mål av seg å svara på spørsmålet om det er mogeleg å ha eit tilvære som er prega av både luksus og bærekraft. Benedikte Vaag (f.1976) er lærar og bur i Vikøy i Kvam. Ho har sjølv uttala om boka at den eigentleg er ei bok om kjærleik og om vyrndnad og respekt for menneske og miljø. Dette er hennar fyrste bok. Ho vart utgjeven i 2017 på Efrem forlag.

Dei fleste av oss set pris på luksus. Me likar å omgje oss med vakre ting. Vakre ting kan endå til gje oss indre ro og harmoni. Benedikte si bok bugnar over av gode tips til materielle goder av høg kvalitet, til god gjenbruk, og kortreist luksus m.v. Ho deler raust eigne og andre sine erfaringar med bærekraftig luksus og korleis denne kan gjera liva våre rikare. Boka er ein estetisk nytelse å bla i. Som lesar kan ein sitja att med både luktar og smakar – boka er i seg sjølv eit perfekt døme på bærekraftig luksus.

Kvam bibliotek



Bærekraftig luksus

Det gode, det vakre og det bærekraftige

Me har lært at det ikkje er materielle goder som er det viktige i livet. Kjærleik kan ikkje kjøpast. Det beste i livet er gratis, naturen er vakker og fri for alle.

Og som det står i songteksten *En fattig trubadur*:

«...Men en ting har meg livet lært,
at gullet det er intet verd,
så du som søker gull og makt,
glem ei hva jeg har sagt:
Du kan ingenting ta med deg dit du går.
Nei, du kan ingenting ta med deg dit
du går.»

Utrag frå boka

FRÅ KYRKJEBØKENE

DØYPTE

Ålvik sokn

Olai Aksnes Fykse

Øystese sokn

Mally Arnesen
Louie Øyri Engum
Joakim Haukaas Linde
Ingrid Ramsdal Seljen
Erika Mo Flotve
Iben Tveiten Bø
Joakim Haukaas Linde
Tiril Tordal Langeland
Torvald Tordal Langeland
Håkon Borgstrand Steine

Vikøy sokn

Thale Brekke
Ella Lie
Hedda Hammersland Kjelby
Hjalmar Steine Kleivane
Elma Flotve Neteland
Henry Aarekol Borge
Noah Aarnes-Småbrekke
Olav Åsheim Budalen

Anja Brunborg Sjørnsen

Strandebarm sokn

Mie Søviknes Lillefosse

VIGDE

Øystese sokn

Siv Valland og Bjarte Neteland

Strandebarm sokn

Hazel Margrethe Perrens og
Marten David Ente

AVLIDNE

Ålvik sokn

Johanna Fossåskaret (f.1924)
Kristian Øye (f.1942)

Øystese sokn

Astrid Johanne Birkeland Rykkje (f.1932)
Judith Hertevik Mæland (f.1931)
Nils H. Soldal (f.1926)

Vikøy sokn

Olav Midthus (f.1942)
Leif Norheim (f.1931)
Kåre Heradstveit (f.1939)
Kristi Jensen (f.1933)
Ruth Utne (f.1948)
Odd Telstø (f.1933)
Liv Johanne Kolltveit (f.1931)
Emma Jensen (f.1921)
Anna Solberg Sandven (f.1922)
Knut Valland (f.1951)
Eli Marie Pedersen (f.1924)

Strandebarm sokn

Helga Gjerde (f.1918)
Kjellaug Oma (f.1931)
Helga Johanne Fosse (f.1951)

Alt frå han var ung, var Ajay Shah sterkt religiøs og dyrka ivrig hindu-gudane. Heile tida bar han på tanken: "Kven er det eg ber til? Det må vera ein gud der som ynskjer å hjelpa meg."

Av Ragnhild Skeie

Etter å ha gjort unna 10-klasse eksamen reiste han til Kathmandu for å ta utdanning. "Sjølv om eg er nepalar og oppvaksen i Nepal, var min identitet, språk og kultur veldig annleis enn det eg møtte i Kathmandu. Korleis skulle eg klara studiane når eg knapt forsto språket?"

I denne situasjonen møtte han ein ung mann som viste mykje omsorg. "Eg skjønna ikkje kvifor han eigentleg brydde seg. Vi var ikkje ein gong i familie. Etter kvart forsto eg kva han snakka om når han sa han berre delte vidare den kjærleiken han sjølv hadde fått – frå Jesus. Eg bestemte meg for å ta mitt livs største val – eg ville også følgja denne Jesus."

Radikal omvending

Heilt frå starten av var det ei radikal omvending i Ajay sitt liv. Endeleg fann han ut kven han var, denne guden som ville hjelpa han.

Som eldste son visste han at valet hans betydde trøbbel frå familien, det hadde andre fortalt han. Foreldra visste lite om kva Jesus-religion var, men ein onkel som hadde lese meir, fortalde at no ville sonen starta med å eta kukjøtt, slutta å dyrka gudane – og sist men ikkje minst – ikkje utføra døds-rituala for foreldra når den tid kom. Faren raste og sa han måtte ikkje rekna med meir hjelp frå dei. "Det var ei vond tid for familien og for meg," seier Ajay. Utan jobb og utan noko å leva av reiste han tilbake til Kathmandu. Det einaste han hadde, var ei sterk tru på at Jesus ville halda sine lovnader, og at han ikkje var åleine.

Omsider fekk han seg jobb som helsearbeider i ein kristen organisasjon i Dhulikhel. Her møtte han Basun, som arbeidde i same organisasjonen.

Familie

Ajay var overtydd om at Basun var svaret på bønna om kven han skal gifta seg med, men korleis skal det skje? I Nepal er det vanleg å bruke ein mellommann som snakkar med familie om giftarmål. Ajay hadde ingen og kjende mykje på einsemd denne



tida. Far til Basun var skeptisk, men etter ein del forhandling, godkjende foreldra hennar giftarmålet. Far til Ajay sa til slutt at om det var dette han ville, så skulle ikkje han stå i vegen.

Kallet

I 2005 gifta dei seg – og til Ajay si store sorg møtte ingen av foreldra hans opp i bryllupet.

Dei arbeidde begge som medisinske assistentar i fleire år og var samstundes medpastor-par i ein kyrkjelyd. Ajay fekk mange tilbakemeldingar på at han har forkynnargåve, han strevar med kallet og brukar mykje tid med Herren. Til sist er avgjerda teken, han vil reisa på bibelskule. Det var mange skeptiske røyster. Han har ein god jobb, bra inntekt og ein son å ta vare på, men kallet er sterkt hos Ajay. Pengar er ikkje det viktigaste, men å vera i Guds vilje.

I Nepal er det ofte sett på som meir "åndeleg" å vera tilsett i fulltids jobb i kyrkja enn å ha ein vanleg jobb, for Ajay og Basun er det snakk om eit kall.

"Men er det naudsynt å bruka 3 år på bibelskule?" er eit av spørsmåla dei får. "Som kristne er det viktigaste å følgja Herren, ikkje å ta ei lang utdanning."

Ajay kjempar mot mange odds. Han veit at eit av argumenta mot kyrkja er at der er det berre låg-kaste og fattige utan utdanning som held til. Dette må snuast! "Vi kristne må få utdanning, evangeliet må få truverd inn i alle lag av folket."

Klar for teneste

Etter 3 år med utdanning og store prøvingar i Bangalore, kom dei tilbake til Dhulikhel med kvar sin mastergrad i teologi. Det har vore år med sjukdom, dødsfall i nær familie, periodar med lite mat og pengar, bønekampar og mange tårer – men no er dei klare for teneste.

Ajay og Basun veit at det ikkje er ein lett veg dei har slege inn på. Utfordringane er mange, inntektene usikre og prøvingar vil det bli. Men dei har allereie erfart at det er Ein som er med heile tida, enten dei ser det eller ikkje.

Dei er pastorpar i ei ung kyrkje med stort behov for undervisning og potensiale for vekst i djupna.

Det fins mange unge pastorpar som Ajay og Basun rundt om i Nepal som treng støtte, oppmuntring og ikkje minst forbøn som kan hjelpa dei gjennom stormane som måtte koma.

Parhestar i presteteneste

Då Noreg skifte hundreår frå 1800 til 1900, hadde Vikøy to prestar som sette spor etter seg på så mange vis. Sokneprest, og seinare prost i Hardanger var Johan Andreas Budtz Christie. Han kom til Vikøy i 1886. To år seinare kom Realf Ottesen. Først var Ottesen hjelpeprest i Vikøy, men frå 1888 var han Christie sin personlege kapellan. Christie var sokneprest til 1917. Då kom Realf Ottesen «heim» att etter rundt 10 år på Jæren. Han gjorde teneste i Vikøy fram til 1930.

Om desse to kan me sitera frå 100-års-skriftet for Vikøy kyrkje: «Her vert ikkje skrive noko um den livsgjerning som sokneprestane Christie og Ottesen hev lagt ned i bygdi. Det er so vidtfemnande og ruvande, og ligg oss so nær at det enno ikkje er råd fanga det inn i historisk perspektiv.» (Christie døydde i 1929 og Ottesen i 1945) «Dei fekk arbeida trutt og lenge i kyrkjelyden. Dei hadde so mange interessor, so stor ein givnad, og kunstnargivnad, og var kunstnarar båe tvo, kvar i si leid.»



Andresa Budtz Christie

Andresa Budtz Christie

Sokneprest Johan Andreas Budtz Christie var fødd i 1842 og døydde i 1929. Han var av ei kjend Bergens-, står det å lesa i ættarboka. Farbroren var ein av dei som vart valde til å vera med på Eidsvoll i 1814. Som velstudert ungdom, og etter at han hadde hatt si første presteteneste i Ullensvang, var han på ei lengre utanlandsreis. Han var truleg innom ein del sanatorier på reisa, for han streva med helsa. I 1880 kom han til Vikøy, og stod i tenesta til 1917. Det er alltid spanande med ny prest, og kyrkjefolket hadde høyrte litt ymse om Christie, så dei var nok litt skeptiske i fyrstninga. Men det gjekk ikkje lang tid før kyrkjelyden lærte å setja pris på soknepresten sin.

I 32 år var han sokneprest i Kvam og frå 1904 også prost i Hardanger og Voss prosti.

I tillegg til prestetenesta, var Christie ein dyktig kunstnar, og svært flink snekker. Ein tysk kunstmålar sa om han: «Han er ein kunstmålar av rang, men tenk, han veit ikkje om det sjølv.» Etter opplysningane mine var det var Christie som teikna orgelet i Vikøy kyrkje.

Ove-Kjell Sakseid

Fast spaltist i *Prestar i Kvam*



Realf Ottesen

Realf Ottesen

Realf Ottesen kom til Vikøy i 1888, og var då hjelpeprest hos Christie. Han var då 28 år gammal. Han og Christie hadde møtt kvarandre tidlegare, og han vart spurd om å ta eit to månadars vikariat i Vikøy, då Christie var blitt sjuk. Dei to månadane vart til over tretti år, med eit avbrot då Ottesen gjorde teneste i Sandnes-området.

Ottesen var frå Jarlsberg, og austlendingen og bergensaren fungerte godt saman. Og særleg Ottesen fekk mykje å seia for musikklivet i bygdene. Både orgelet i Øystese og i Vikøy kom etter initiativ frå Ottesen.

Johannes Brandtzæg kom innom prestegarden i Vikøy, og fekk tenna begge prestane for tanken om ein folkehøgskule, eller ungdomsskule, som det heitte dengong. Og skulen vart etablert ikkje langt frå prestegarden, og Ottesen vart sjølvsagt engasjert som lærar ved skulen.

Då prestane kom til Kvam, hadde Noregs Ungdomslag føremål som gjekk godt saman med den kyrkjelege haldninga. Begge to var ofte med som foredragshaldarar og i lagsarbeidet elles. Men Noregs Ungdomslag opna opp for aktivitetar prestane ikkje kunne støtta, og Ottesen tok initiativ til å starta eit kristeleg ungdomslag, og laget «Heim» vart til. Det var det laget som tilsette, og løna, den første helsesøstera i heradet.

Det er vel ingen prestar som har sett så sterke spor etter seg som desse to. Så fekk dei også ei lang teneste i Kvam, begge to.

DETTE BRENN EG FOR

Å vera til stades i vanleg folk sine liv

Reidar Steine

opphavleg frå Kvam, bur i Engavågen i Meløy, Nordland og arbeider som bussjofør



Idun og Reidar Steine i tandemparaglider.

Eg har handa på rattet. Kystriksvegen (Fv17) deler den mektige Nordlandsnaturen med fjord & hav på eine sida samt bratte fjellsider & snødekte tindar på den andre. I kontrastfylte omgjevnader, vinterstormar, mørketid og lange ljose sumardagar - får eg køyra gjennom vakkert landskap frå Meløy nord på Helgeland, vidare inn i Salten gjennom Gildeskål til dess eg er framme ved endestasjonen i Bodø. Passasjerane på PasientEkspressen kjem seg trygt fram etter tjue mil til næraste sjukehus.

Lange arbeidsdagar til tross; eg trivs med arbeidet og tykkjer det er meningsfullt å yta sørvis for ulike pasientgrupper samt låna øyra mitt til menneske som ofte sit aleine heime det meste av dagane. Arbeidet har gjeve meg stor respekt for sjukdom, alderdom og bråe omveltingar i livet. Me rår eigentleg over svært lite her i livet; ingen veit kva morgondagen kjem med.

Me flytta attende til Noreg i 2007 etter femten år som misjonærar for Ungdom i Oppdrag (UiO), dei siste sju åra med teneste i Sveits på det fyrste skulesenteret til rørsla i Lausanne (University of the Nations). Etterpå var det meir kall og eventyrlyst å hente hjå oss, og me valde oss Engavågen i Meløy som vikarierende leiarar for eit UiO senter i denne vesle bygda.

Etter ein lengre prosess bestemte Idun å utdanna seg til lærar medan eg byrja med helsetransport. Jentene våre (Gunnhild Marie 25, Solvår 24, Ingeborg Live 21) har for lengst flytta heimanfrå. To av dei gjekk på Framnes. No studerer dei alle og held til i Milano, Trondheim og Bergen. Dei to yngste er allereie gift og me har eit barnebarn på 3 år (Lydia Vårin).

Nordland har meir dramatiske sesongskifte og ljøs enn sørpå. For meg er ikkje livskvalitet by og urban kultur, men å få vera ute i skaparverket i storslått natur. Aller helst sjevande over landskapet på ein dag med godt lyft i tandemparaglidaren saman med kona mi! Eg er oppteken av at

andre skal få augo opp for det Nord-Noreg har å by på, og at mange skal finne livskvalitet, psykisk glede og fysisk god helse i kontakt med naturelementa.

Eg brenn for korleis me presenterer evangeliet om Jesus til menneske i 2022. Korleis kan Gud opplevast relevant for dei som flyktar frå Ukraina og fryktar for livet? Korleis kan Jesus få plass i liva til velfødde nordmenn? Eg kjenner ofte på at kristenkulturen er trong og meir opptatt av tradisjonane enn å vere til stades i vanlege folks liv. Hovudfokuset vårt må ikkje vera på kyrkjegonge og kristne møte for å «sjå kvarandre i nakken», men på det å leva ut relasjonen vår til Gud i alt det vi gjer i ein vanleg kvardag. Det er der det daglege livet vert levd.

God sommar, vyrde kvemmingar!

Ukraina i våre hjarte

Vi går våren 2022 i møte med ein grusom krig i Europa. President Vladimir Putin har lenge hatt ein idè om å gjenreisa Sovjetunionen, og no er han så gammal at skulle det bli noko av, måtte han starta no. Men tida har endra seg og folket i Ukraina vil ikkje tilbake til det gamle. Dei kjempar for demokrati og fridom og vil leva frie liv.

Ukraina har vist stor motstand og har «nesten» heile verda med seg som sympatisørar i kampen. President Putin leiar ein krig mot sivile mål og bombar sjukehus, høgus, private hus, skular og mykje meir, medan forhandlingar mellom Russland og Ukraina pågår. Innbyggjarane vert utsett for ufattelege lidingar.

Med solidaritet og nestekjærleik opnar Europa dørene for fleire millionar ukrainarar på flukt. Gode naboland har opna grensene slik at dei får tryggleik for liv


sine. Norge med kommunane i spissen skal ta imot fleire titals tusen personar som treng akutt beskyttelse.

I Øygarden kommune der eg bur, har vi gjort klart for 150 personar som kjem ganske snart. 28 har allereie kome. Det er flest mødre og barn som kjem, og dei får ein varm velkomst og bli teken godt vare på. Kommunen har hatt nabomøte med stor oppslutnad frå innbyggjarane. Dei stiller opp med masse hjelp, men ville også vita kor tid bussane frå Ukraina kjem. Små og store vil ynskja ukrainarane velkomne til bygda med glede og masse flagg.

For åtti år sidan i 1942, var det Kvam kommune som gjorde seg klare for å ta i mot krigs ofre frå Telavåg. Tyskarane brente hus, uthus, naust, båtar og alt som var. Dei øydelagde til og med brønnane til folk. Tyskarane drap mange og sende gutar og menn frå 16 år og oppover til Sachsenhausen konsentrasjonsleir i Tyskland. Resten av befolkninga frå 4 månader til 94

Torill Selsvold Nyborg

opphavleg frå Ålvik, er varaordførar i Øygarden kommune



år, vart først internert på Storetveit skule i Bergen, for deretter å bli godt ivaretektne på Framnes skule.

Telavågfolket var på Framnes fram til 17. mai 1944. Bygda dei skulle tilbake til var brent ned, og mange hadde mista mennene sine, slekt og venner. Dette vart ein ny og tøff start for kvinnene, mange med mange barn dei hadde ansvar for. Heldigvis var familiebanda sterke, slik at dei stilte opp for kvarandre så godt ein kunne.

Telavåghistoria er sterk og dukkar opp igjen i minnet no når krigen i Ukraina rasar. Mykje er eigentleg likt på det menneskelege planet, sjølv om det var ei anna tid og ein annan dimensjon. Takken går framleis til Kvam kommune, Framnes skule og til lokalbefolkninga som hadde stor omsorg for «flyktningane» frå Telavåg. Vi har mykje å læra frå den tida som vi får bruk for no. Eg sender ei bøn for Ukraina, president Zelenskyj og befolkninga. Håpet er at denne meiningslause krigen tek slutt, fort!

FRIVILLIGSPALTE

Lyst til å vere frivillig?

2022 er av regjeringa utropt til «Frivillighets år». I følgje frivillighet.no bidreg nordmenn årleg med frivillig arbeid tilsvarande ein verdi av nærare åtti milliardar kroner. Den norske kyrkja i Kvam har både tilsette og frivillige, og me er avhengige av begge partar. Mykje av kyrkja sitt arbeid er basert på at frivillige stiller opp og bidreg i dette arbeidet. Me vil gjerne få takke alle som har vore frivillige gjennom mange år og som framleis deltek i dette frivillige arbeidet i kyrkja.

Også framover er det behov for fleire nye frivillige. Me har mange oppgåver som trengst å fyllast og nye utfordringar som ligg på vent. I Den norske kyrkja i Kvam kan du som frivillig mellom anna vere med

- på praktisk arbeid i kyrkja eller på kyrkjegardane (vår/sommar)
- som kyrkjevært eller klokkar/medhjelpar under gudstenester

Ingvill Sørheim

leiar av Vikøy sokneråd



- å planlegge og stelle i stand føremiddagstreff (diakonalt arbeid)
- vere med i interkulturelt arbeid (KIA)
- som frivillig på ulike trusoppførings-tiltak som Lys vaken, Tårnagent eller babysong/småbarnstreff
- som frivillig på Kyrkjeklubben
- å planlegge og arrangere temakvelder
- som medarbeidar i redaksjonsnemnda for Kyrkjebladet

Oppgåvene er mange og varierte! Du kan også vere med å forme nye oppgåver i kyrkja!

Å vere frivillig handlar om å få brukt engasjement, kreativitet og arbeidslyst til noko du brenn for og som i tillegg gjev deg noko tilbake. Kyrkja i Kvam treng **AKKURAT DEG!**

Kontakt kyrkjekontoret, tlf. 41400035 eller e-post: post.kvam@kyrkja.no



Musikalsk føremiddagstreff

onsdag 7. juni
i Øystese kyrkje kl 11.00-12.45

Den gode alderdomen i Kvam –
i brakke- eller demenslandsby

Arr: Øystese sokneråd



Kyrkjeklubb

i Norheimsund kyrkje
for menneske med nedsett funksjonsevne
torsdag 23.06 kl 17.30-19.00

Velkomen til bibelforteljing, song,
felleskap og kveldsmat

Arr: Den norske kyrkja i Kvam

Ei levande von

Dåp i kyrkjene våre vert alltid avslutta med lovprisninga fra I Pet 1,3: «Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!»

Ein odelsgut eller ei odelsjenta er fødde til å overta garden.

Som kristen er me fødde til ei levande von. Akkurat som odelsguten og odelsjenta er ei levande von ei fødselsgåve. Det som gjer vona levande er Jesu Kristi oppstode frå dei døde. Jesus sigra over døden og lever. Difor er vona levande.

Alle kan ha draumar om at noko skal skje. Men draumar og von er ikkje heilt det same, sjølv om begge handlar om framtida.

For eit år sidan døypte eg ei mor frå Syria og hennar tre born. Familien budde sju år i flyktingeleir i Libanon. Der kom ho i kontakt med ein kristen kyrkjelyd. Ho hadde nok draumar om eit liv med fridom og fred for seg og sine. Det var ikkje realistisk før FN kom inn i biletet og

gav familien status som kvoteflyktingar og dei fekk kome til Noreg. Ho kom til kyrkjekontoret med to ynskje. Det første var at ho og borna skulle få bli døypte. Det andre var at nokre ville vera fadrar for dei. Eg tok dette opp under kunngjeriinga i gudstenesta og åtte fadrar melde seg. Ho drøymde om fridom og fred, om dåp og fadrar og om å tilhøyre ein kristen kyrkjelyd. Draumen vart ei von og så vart det røynd for henne og for borna.

Optimisme er viktig. Men optimisme er ikkje det same som von. Den kristne vona er tufta på Guds løfte. Vona er ikkje oppfylt. Rom 8,24: «Men ei von som vi alt ser oppfylt, er ikkje noko von. Korleis kan nokon håpa på det dei alt ser? Men håpar vi på noko vi ikkje ser, då ventar vi med tolmod.»

Vona gjev tålmod og er ei drivkraft. Me kan håpa på at ting kan endrast. Løftet om at Gud er med oss gjer at me ikkje gir opp. Difor er det viktig i alt vårt arbeide at me startar med bøn om at Jesus vil gå framom oss og kan gjera sin gjerning og at



me kan følgje etter han.

I dag vert media pregar bileta fra Ukraina. Me ser lidning og død, øydeleggjingar og store flyktingstraumar. Men me ser og menneske som ber og som kjempar. Dei har denne vona i sine hjarte at dette skal berre vara ei tid. Så kjem det ei ny tid då ondskaper er kjempa ned og fridom og fred kjem att ende.

Når me ikkje høyrer om Ukraina, så høyrer me om pandemi og klimakrise. Det kan verta mykje å ta inn over seg. Nå står nesten ei samla verd i lag med Ukraina. Kan henda ei samla verd kan stå samla i kampen mot pandemien og i tiltak for eit godt klima.

Vona handlar om framtida. Som kristen kyrkje trur me at Gud er fredens Gud og at Gud bryr seg om skaparverket. Difor ber me for forsoning og fred og me ber for jorda vår. Gud kan gje oss sinnsro til å handla, arbeida klokt og ikkje gje opp.

Vona som bur i våre hjarte er teikn på at me er fødde på nytt og er eit vintesbyrd for vår tid.

Solidaritets-konsert for Ukraina

-Eg må jo gjera noko, sa Sebastian Döfler, cellisten som vitja Kvam for å spela til støtte for Ukraina.

Saman med Sevinj A Øvrehus, heldt han konsert i Norheimsund kyrkje 16.mars. Som så mange andre var han rysta over krigen, og kjende på djup sorg over det som hende der. No ville han gje av musikken sin, det beste han hadde, for å visa solidaritet med det ukrainske folket.

Han framførte to store verk, - av Johan S Bach og av ungarske Zoltán Kodály. Det er ikkje ofte det lyder så lange strekkjer med cello-musikk i kyrkja.

For Sebastian Döfler har musikken vore hans kjelde til styrke og mot, fortalde han, etter år med tung erfaring av både krig og sjukdom.

Til kvemmingane spelte han med glede, sjølv om bakteppet med krigen i Ukraina var mørkt nok.

Saman framførte Sevinj og Sebastian "La Tristesse", av Mykola Lysenko, og Sevinj gav publikum ein folkesong, "Schedrik", for piano, av Oleq Klimiak. Konserten vart



Sebastian Döfler spelar med intensitet og innlevelse.

avslutta med Ukraina sin nasjonalsong, "Shche ne vmerla Ukraina", med fullt orgel og ei bevega forsamling.

Førti personar møtte opp, og innsamla



Kyrkjemusikar Sevinj A Øvrehus, med sjal i ukrainske fargar, klar for å spela den ukrainske nasjonalsongen.

sum på kr 14.600,- gjekk uavkorta til Kirkens Nødhjelp.

Margrete Lid Kjosås kyrkjemusikar

Muntert frå emeritus

I spalta Muntert frå emeritus kjem prost emeritus Arne O Øystese (f. 1950) med gode stubbar frå si lange prestetid, oppvaksten i Kvinnherad som presteson, sjømannsprest på ulike stasjonar i Europa og USA og den siste yrkesaktive tida som prost i Indre Ryfylke.

Arne O Øystese

Prost emeritus



Kor kjem du frå?

Då den yngste guten vår vart fødd, kom både mor og far til Kvinneklubben i Bergen. Fødselen nærmar seg, og dei tilsette har ordna alt vel til rette for at den nye bergensaren skal få sjå dagens ljøs for første gong.

Eg står på den eine sida av senga, og merkar at no er det like før det skjer.

Ganske riktig! Der kjem guten, sakte men sikkert ut av mors liv. Jordmora kjem springande til. Ho er nett komen på

vakt, og eg – alltid oppteken kven eg talar med, og kor vedkomande kjem frå – ser på henne og spør:

«Kvar kjem du frå?»

Litt forfjamsa og hundre prosent oppteken med det som no skjer, ser ho på meg, ventar litt før ho svarar, og seier:

«Dersom du tenkjer på barnet som no kjem til verda, reknar eg med at du sjølv har svar på det du spør meg om. Men er det meg du vil ha rede på, så kjem eg frå Sotra!»



Støtt annonsørane våre - dei støttar oss

Ynskjer du ei velstelt grav heile året?

Me kan tilby stell og montering av EMPERI.
Kan også ta oppussing og oppretting av gravsteinar.

*For informasjon og avtalar ta kontakt med Rusk og Rusk
v/ Arvid Strømme tlf. 99597848.*

**HARDANGER
BYGGSENTER**

www.hardangerbyggjenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt



Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur

www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50



Byggmeister

PER AUGESTAD A/S

Tlf. 56 55 28 70 • Mob.: 950 59 910

Epost: per@peraugestad.no heimeside: www.peraugestad.no

MESTERHUS
www.mesterhus.no

KLEPPE
HARDANGER NORGE


KVAM
KRAFTVERK

Til deg! For deg!



SparebankenVest
- satsar på vestlandet

www.spv.no | Tlf. 05555



Gudstenesteliste

10. mai

- Strandebarm kyrkje kl.18
Samtalegudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.

14. mai, laurdag

- Øystese kyrkje kl.12.00
Konfirmasjonsgudstenester
Sokneprest Lars Arne Vik.

15. mai

- Øystese kyrkje kl.11
Konfirmasjonsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.
- Strandebarm kyrkje kl.11
Konfirmasjonsgudsteneste
Sokneprest Roar Strømme.

17. mai

- Strandebarm kyrkje kl.10.30
Sokneprest Roar Strømme.
- Øystese kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik.
- Ålvik kyrkje kl.12.30
Sokneprest Lars Arne Vik.
Kyrkjeskys: Tlf. 411 60 699

22. mai

- Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik og
Roar Strømme. Tre medarbeidarar vert
takka av. Song og musikk av Kvamma-
koret, Laudamus og Heims musikklag.

26. mai, Kristi himmelfartsdag

- Vikøyfjæra kl.11
Felles friluftsgudsteneste
Vikarprest Jostein Skutlaberg.

29. mai

- Øystese kyrkje kl.11
Vikarprest Audun Aase.

5. juni, Pinsedag

- Norheimsund kyrkje kl.11
Felles høgtidsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

6. juni, andre pinsedag

- Strandebarm/ Holsete kl.11
Felles friluftsgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.

12. juni

- Øystese kyrkje kl.11
Familiegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.
Utdeling av bok til 1.klassingane.
Barnekoret tek del.
- Vikøy kyrkje kl.11
Folketonemesse
Sokneprest Roar Strømme.

14. juni

- Ålvik kyrkje kl.16
Familiegudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.
Utdeling av bok til 1.klassingane.
Kyrkjeskys: Tlf. 411 60 699

19. juni

- Framnes kristne vidaregåande skule
IMF sitt årsmøte
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.
- Strandebarm kyrkje kl.11
Sokneprest Roar Strømme.
Utdeling av bok til 1.klassingane.
- Norheimsund kyrkje kl.16.30
Sokneprest Lars Arne Vik. Utdeling av
bok til 1.klassingane.

22. juni

- Øystese kyrkje kl.11
Eldregudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik.

26. juni

- Øystese sokn
Parkgudsteneste
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.
Evt. inne om dårleg ver.

3. juli

- Åse på Oma kl.16

10. juli

- Norheimsund kyrkje kl.11

17. juli

- Øystese kyrkje kl.11

24. juli

- Norheimsund kyrkje kl.19
Vikarprest

29. juli, Olsok

- Vikøy kyrkje kl.11
Vikarprest

31. juli

- Øystese kyrkje kl.11
Vikarprest

7. august

- Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik. Nattverd.

14. august

- Strandebarm kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik.
- Øystese kyrkje kl.17
Sokneprest Lars Arne Vik.

21. august

- Norheimsund kyrkje kl.11
Sokneprest Lars Arne Vik.
- Ålvik kyrkje kl.11
Vikarprest. Nattverd.

28. august

- Øystese kyrkje kl.11
Evt. nutemesse

NB! Det kan koma endringar. Sjå lysing i HF!

Gravminne

Treng De hjelp til
oppretting, sikring,
reingjering og fornying
av skrift på gravminne,
samt planting?

Også sal av nye
gravminne med tilbehør
(Eikner naturstein)

Ring: 406 11 817

Lang erfaring,
førehandspris.

L.M. Fosse



Glimt fra årets konfirmantleir

Samlinger med lek. Alle er viktige og samarbeid er nøkkelen 😊 (Foto: Sevinj Ø.)



Klare for aktivitet bl.a. volleyball, fotball, klatring, dans, kreativ ...



... frikjøring og alpint



... gøye aktiviteter på hemsen



God stemning på kveldsmøte med noen av konfirmantene i Kvam som er med og leder dansen på den populære leirsangen. (Foto: Eivind Daniel R. og Mampion A.)



MATSALEN - Uten mat og drikke duger heltent ikke ! (Foto: Sevinj Ø.)

